


# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2007/2008

Januar, februar, mars  
President Lidvar Sunde



Redaksjonskomité: Thorleif Marken, Rolf Doran, Hjørdis Kristine Fylling, Rolv Rørhus, Bjørn Sandnes, Johan Mork, Ivar Fjørtoft

## 08.01.2008 – Mi julebok

*Fødselsdager:*

*Johnny Helland 22/12*

*Arne Tande 7/1*

Presidenten ønske alle velkommen til møtet og spesielt dagens gjest Jarle Ødegård.

Vi mintes så klubben sin mangeårige og aktive medlem, Knut Uksnøy, som døde 6. januar 07 med eitt minutt stillheit. Knut fekk hjartestans 1. juledag 07 og vart sendt på sjukehus. Livet stod diverre ikkje til å redde og han døde på sjukehuset i Ålesund den 6. januar 08. Ved gravferda frå Brattvåg kyrkje la president Lidvar på krans frå klubben. Det vart lagt fram nytt halvårsprogram. Det vart mint om at dette er å finne på heimesida vår, at det var kome nytt brev frå guvernøren og om intercity møtet på Stranda den 26. januar 2008.

Programmet for dagen var "Mi julebok" ved Sindre Vik. Han fortalte om boka "Kollektivt sjølv-mord" av den finske forfattere Paasilinna. Det viste seg at til tross for tittelen, så var boka ikkje tragisk. At den var svært morosam, forsto vi etter kvart. Det handla om ein person som såg så mørkt på livet at han ville ta livet av seg. I ferd med å fullføre dette, møtte han på ein annan person i same ærend. Sidan dei berre var to, vart dei samde om å utsette det heile og prøve å få med fleire. Korleis det heile enda, skal vi ikkje røpe her, men dei vart ein heil flokk og drog på busstur til Europa for å verve fleire.

Forfattere har skrive fleire bøker i ein liknande genre, mellom anna: "De hengte revers skog",

"Den ulende mølleren" og "Harens år".

Thorleif Marken fortalde etter dette ei historie om ein agentbåt frå Vatne, som kom i vanskar utanfor Rekdal i 40-åra. Det enda med at to personar omkom.xx

*Ref: Rolv R*

## 15.01.2008 – Quiz kveld

*Fødselsdager: Tove Høistad 13/1*

Presidenten ønske som vanleg velkommen til møtet.

Forsamlinga visste lite kva dei gjekk til denne kvelden. På programmet stod det: "Quiz-kveld"! Så vidt underteikna veit, er det første gongen det har stått på klubben sitt møteprogram. Bente Bruun hadde ansvaret for dette nye, som skulle vise seg å verte ein hyggeleg kveld med mykje lått og moro. Forsamlinga vart inndelt etter dei borda dei sat ved. Bente las spørsmål frå ei "Quiz-bok" og kvart bord skulle skriftleg svare på desse. Det vart stilt 38 spørsmål og ein fekk eit poeng for kvart rett svar. Svare skulle sjølv sagt vere hemmelege, men vi høyrde både rette og gale svar svirre gjennom lufta – sikkert for å villeie motparten. Når svare skulle rettast, vart svararket sendt til næraste bord. Det viste seg då at bord nr. 5 hadde heile 35 rette svar og drog av med sigeren. Der sat Magne L., Johnny H., Johan M., Helge A., Jøstein T. og Rolv R. Bente B delte ut ein "energy-pack" til kvar på det sigrande lag, slik at dei skulle få att dei oppbrukte kreftene før dei gjekk heim. Endå eit triveleg Rotarymøte.

*Ref: Rolv R*

## 22.01.2008 – Rolls-Royce Marine ved Trond Skogseth

*Fødselsdager: Johan Mork 19/1*

Lidvar ønske velkommen. Denne kvelden var Jarle Ødegård gjest og sjølv sagt kveldens programhaldar Trond Skogset, den nye plassjefen på Rolls-Royce i Brattvåg.

Eldar Sæterøy starta med dagens 3-min. han stilte spørsmål med rettar, kva er rett, kva er rettferdig i samfunnslivet. Vi har rett til utdanning, rett til arbeid rett til omsorg osv. Når ein advokat skal forsvare ein person, prøver han å overbevise dommar og jury om at det klienten er tiltala for er urett. Er det då rett å framstille klienten som uskuldig? Innan offentleg sakshandsaming er det ofte om å gjere å finne feil i sakshandsaminga for å få rett i det ein ønskjer å oppnå. Om ein ikkje greier det, er det då rettferdig i siste instans å ta sakshandsamaren? Mange tankevekkande spørsmål! Kveldens hovudpost var det Trond Skogset som hadde. Sidan han var forholdsvis ny i jobben som plassjef på Rolls-Royce Marine i Brattvåg (RR), fortalde han at han var frå Sunndalen og vekependlar til og frå heimstaden. Han har kone og fire barn og har mellom anna arbeidd innafor plastindustrien. Kva for utfordringar har ein så i RR. Han peika då på verditriangelet:

Aksjonærer

Bedriftens tilsette

Kundar

For at verksemda skulle ha eit lukkeleg liv i framtida, måtte alle desse tre partane tilfredstillast. Aksjonærene måtte få att verdiar for den innskotne kapitalen.

De tilsette måtte få tilfredsstillande verdier att for arbeidet.

Kundene måtte få verdier for det dei betalte for varene dei kjøpte. For å få alt dette til i ein global marknad, må ein investere i maskiner og utstyr for dei som arbeider der og også i dei forholda folk skal arbeide i, lokala osv. RR er den største private arbeidsgjeveren i Møre og Romsdal. Berre her i Brattvåg rår dei over 25.000m2 lokalitetar og her er 450 tilsette. Brattvåg er senter for vinsjar, Tennfjord for styremaskiner og Longva for automasjon.

På verdsbasis har dei 7.500 tilsette av desse finn ein 3.500 i Norden. Omsetninga på verdsbasis er £ 1.300 mill. Resultatet er på 15%. konsernet har 2.300 kundar og 2.000 skip er utstyrt med utstyr frå RR. Talet på skip som er utstyrt med deira maskineri gir og ein peikepinn om kor viktig ettermarknaden er for dei. For RR i Brattvåg er I. P. Huse ein unik og viktig samarbeidspartnar.

Ein ser i dag ei dreining av omsetninga mot Asia. Auke innan offshore har ført til at dei i dei siste åra har budsjettert for lavt. Offshore på grunt vatn ser ut til å minke, medan det vil auke på djupt vatn. Ein er og i ferd med å sjå på oljeutvinning i Arktis. Dette fører til at ein får større og meir kompliserte skip. Desse vil nok og kome frå Kina.

2006 var eit mindre godt år for RR i Brattvåg. 2007 har gitt eit langt betre resultat og ein ser og forbetringar for 2008 i forhold til 2007. Han peika på at det var viktig å ha stabile valutaforhold. For kvar cent dollaren sekk i verdi, betyr det ein reduksjon på 140 mill for RR. RR skal no kutte 2.300 personar på verdsbasis, men han meinte at RR i Brattvåg vil ha ei ganske stabil sysselsetting i framtida.

*Ref: Rolv R*

## 29.01.2008 – Fritt møte

*Fødselsdager:*

*Rolf Doran 23/1*

*Leif Sønnerland 23/1*

Presidenten opna møte og kunngjorde at i kveld var det "fritt" møte. Leif Sønnerland og Rolf Doran hadde hatt bursdagar sidan sist og fekk sine klappsalver for den prestasjonen. Han minte så om årsfest den 23. febr. og "Ballkveld" på Kulturkafeen torsdag 7. febr. kl 1900. Begge deler med følge. Han minte vidare om Intercitymøtet i Ørskog Rk sin regi på Samfunnshuset på Sjøholt torsdag 6 mars kl. 1900. pris per stykk kr. 100,- inkl. servering. Presidenten gjekk så over til å informere om Handicamp 2008 (HC) på Haraldsvangen i Hurdal frå veke 31. Denne vart starta i 1976 og vert arrangert kvart andre år. Det er i Rotarys ånd, regi og utføring. HC er basert på å gi opplevingar til fysisk handikappa ungdom mellom 18 og 28 år. Kvar handikappa skal ha ein medhjelpar med seg. Tanken er at dei handikappa skal tøyse grenser og prøve å makte det dei før meinte var umuleg. Folk frå alle verdas land er inviterte. Det er derfor viktig at alle kan kommunisere på engelsk. Det er ikkje krav til at deltakarane er rotarianarar. Samlinga varer i 2 veker og er sponsa av verksemdar, kvar rotarianar i Norge gir kr. 50,- og nokre entusiastiske rotarianarar frå omkringliggende klubbar arbeider der gratis i to veker av ferien sin for å fremje internasjonal forståing og venskap. Ei interessant oppfrisking av informasjon til alle som var tilstades.

Kvelden slutta med "røyk og raddel" – utan røyk!

*Ref: Rolv R*

## 05.02.2008

Møtet flyttet til torsdag 7/2-08.

## 07.02.2008 – Kulturkafeen - ballkveld

*Fødselsdager: -*

Denne kvelden besøkte vi Kulturkafeen i Haramssenteret i Brattvåg. Derfor var møtet flytta frå vår vanleg møtedag tysdag til torsdag for å treffe "balldagen", som er torsdag over heile Sunnmøre og Romsdal. Vi var knapt 30 stykker med stort og smått som kasta oss over ballbuffeten. Potetballane med tilhøyrsløse fekk sanneleg bein å gå på, og det kom mykje vellæte over kvaliteten .

Så fekk kafestyrar Jorunn Ulstein Fjørtoft ordet til å orientere om kafeen og drifta. Ho fortalte at det er ISS som driv kafeen, men at ho og dei andre tilsette har stor fridom til å legge opp drifta slik som dei synes er best ut frå lokale forhold. Forutan mat til eiga drift leverer dei mat til sjukeheimen i same bygget, til Kveldsro og til eldre som får utkøyrte middagsmat.

Ho fortalte at all mat blir laga og lagra etter kok-kjøl-prinsippet, og at den så blir varma opp att til bruk anten på kafeen eller i "heimane". Alle kaker etc. i kafeen er også "heimelaga". På grunn av godt arbeidsmiljø og normal arbeidstid har det ikkje vore problem med å skaffe kokkar og anna personale. Drifta går etter kvart veldig bra, så ISS er godt nøgd. Etter det referenten har observert er publikum også godt nøgd med kafeen, både med mat, service og "beliggenhet."

Konklusjon: Eit artig og kallaririkt påfunn med ein ekte ballkveld.

*Ref: Thorleif M*

## 12.02.2008 – Fritt møte (tillyst program med journalist Malin Kjellstadli Korsnes måtte dessverre gå ut pga sykdom)

*Fødselsdager: Trond Arve Skjelten 11/2*

Vi skulle egentleg ha besøk av frilansjournalist Malin Kjellstadli Korsnes denne kvelden, men influensa hadde slått ho til senga, så då måtte vi nøye oss med berre



3-minutt. Men det viste seg å ikkje vere berre, for Njål slo til med sterke meiningar. Ikkje så mykje i sjølve innlegget der han fortalte veldig interessant om oppveksten i Instevangen og om bygningane i fjøra utover til dagens System-Elektro. Men det var etterpå temperaturen steig, for då tok Njål opp det som han eigentleg hadde tenkt å snakke om: alle våre vesen (etatar) for ikkje å seie uvesen. Og han la ikkje fingrane i mellom når han karakteriserte enkelte vesen og ikkje å forgløyme enkelte protestantar og protest-grupper. Og han fekk støtte, men enkelte meinte nok at han gjekk vel langt i sine personlege vurderingar, og at dei fleste saker har meir enn ei side.

*Ref: Thorleif M*

### 19.02.2008

Møtet avholdes lørdag 23/2-08 ifm Årsfest.


### 23.02.2008 – Årsfest

#### *Fødselsdager: -*

Møtet 19. var denne veka flytta til laurdag 23. og kombinert med årsfest.

Festen var denne gongen på det nyoppussa klubbhuset til Brattvåg IL. Det var ikkje noko dårleg val, for det var eit lokale i nye, lyse fargar og med fint pynta bord som møtte dei om lag 40 festdeltakarane.


President Lidvar ynskte medlemmer med fylgje og gjester hjarteleg velkomne før han overlet feststyringa til klubbmeister Harald G. Han leia oss med skjemt og stø hand gjennom heile bordsetet. Første post er obligatorisk, det er Kongesangen, og seinare vart det songar frå vårt eige songhefte. Det var laksecanapear til forret, dyresteik til hovudrett og karamellpudding til dessert. Alt



velsmakande og fint anretta og servert av Brattvåg Hotell. All ære til Trond og hans stab frå hotellet. Vinen ,både kvit og raud, som var levert av eit kjent monopol, fall også i god smak. Undervegs var det tale for damene av Endre Sandnes der han ved hjelp av mange treffande sitat fekk sagt sitt om damene. Tove kvitterte med ein morosam

tale til herrane. Eit høgdepunkt under middagen var opptaking av eit nytt medlem. Det var Jarle Ødegård som fekk jakkemerke og diplom av presidenten som teikn på medlemskap i Brattvåg Rotaryklubb og Rotary International. Jarle blir vår desidert yngste medlem og det er difor spesiell grunn til å ynskje han velkomen i klubben og til å ta





Og mange var flittige på dansegolv og somme i baren, og ein del beherska begge delar.

*Ref: Thorleif M*

## 26.02.2008 – Økonomiske utsikter v/Inge Furre fra Sparebanken Møre

*Fødselsdager:*

*Paul Arne Dalhaug 25/2*

President Lidvar ynskte vel møtt og med spesiell velkomst til nokre ektefeller som hadde fatta interesse for kveldens program. Rune F. hadde henta inn Inge Furre, sjefsøkonom i Sparebanken Møre, for å fortelje om for- venta renteutvikling. Vi fekk ei enkel og forståeleg oversikt over renteutviklinga dei siste åra og likeins over kva faktorar som meir eller mindre påverkar rentefastsetjinga. Viktig for Norges Bank ved vurdering av styringsrenta er inflasjonsmålet på 2,5% som banken prøver å styre mot. Furre meinte at NB handlar heilt uavhengig og suverent i sine rentefastsetjingar og at banken ikkje bryr seg om kva alle andre bankar sine sjefsøkonomar måtte meine.

Det var tydeleg at emnet fenga i forsamlinga, for det kom mange spørsmål og kommentarar. Ja, interessa var så stor at vi gjekk betydeleg over tida, og det er sjeldan. Mest interesse dreide seg om hans syn på og spådom om den økonomiske utviklinga, inflasjon, kronekurs og rente framover. Vi for stod det slik at økonomien førebels vil vere stabil og at renta vil ligge om lag på dagens nivå.

Til slutt ga presidenten instruksjer om komande pensjonistfest og



godt vare på han. Ikkje å forgløyme at vi i kveldens løp fekk besøk av ein underleg framtoning frå Indre strøk, visstnok kjent under tilnamnet Bø-Knuten. Er halvparten av det han fortalte frå fjordbygdene sant, så kan vi vere glad vi bur nær kysten. Eit veldig artig innslag. Og etterpå var det dans.....







om torskeaften i Ålesund Øst. Han takka også kam.com. m.fl. for vel avvikla årsfest.

*Ref: Thorleif M*

#### **04.03.2008 – Pensjonistfest på Hautunet**

*Fødselsdager: Bjørn Sandnes 4/3*

Som vanlig er til pensjonistfest, stilte klubbens medlemmer med hhv kaker og smørbrødfat. Festen startet til tradisjonell tid kl 18:30. Lidvar S ønsket alle velkommen før han overlot ordet og den videre ledelsen av festen til Harald G

Og først på programmet var Beate Haddal Kaggerud som framførte vakker sang "Blott en dag" der hun akkompagnerte seg selv på piano. Hun måtte Dessverre måtte hun stikke av umiddelbart etter pga at hun var litt ute av form. Allikevel sterkt gjort at hun stilte opp for oss. Harald G fortsatte så med opplesning fra Alf Prøysen's "Alle har et syskenbarn på Gjøvik"

Deretter var det kveldens hovedpost ved tidligere "Brattvåger", nå pensjonert

politimann Øyvind Grimnes, sønn av tidligere kjent og kjær distriktlege Grimnes. Han viste fram lysbilder fra noe av sin tid i Brattvåg på 50-tallet da han gikk på skole her. Allerede i ung alder hadde han fattet interesse for fotografering. Og utvalget bilder han hadde med seg, fikk virkelig forsamlingen i god mimringstemning. Og etterpå var det smørbrød og kaker og skikkelig god stemning rundt bordene.

*Ref: Rolf D*

#### **11.03.2008 – Nytt fra Haram Videregående Skule v/Jan Magne Helland (på HVS)**

*Fødselsdager: -*

Haram Videregående Skule er no snart 33 år gamal og har ei spennande utvikling bak seg. Det var på 80-talet at samarbeidet med næringslivet (SASA) tok til for alvor med teori på skulen og praksis i næringslivet. Tidlegare var samarbeidet mest knytt opp mot yrkesfaga, men dei seinare åra har og allmennfag utvida samarbeidet.

Frie skuleval har gitt skulen ei utfordring når det gjeld elevtalet. Og i byrjinga gjekk det ned frå 300 til 200 elevar. Skulen fekk eit positivt skifte i fjor med 253 elevar, som held fram i år med 245. Helland håpte at den positive trenden vil halde fram. Det er lina Medium og kommunikasjon som er utfordringa. Ved teknisk allmennfag og elektrolina er det god søknad i tillegg til allmennfag påbygging. I dag har skulen 120 vaksne kandidatar på 9 ulike kurs (7 ved HVS og 2 i Ørsta) som skal opp til teoretiske prøver i juni Haram er kjent for sitt ekspansive næringsliv. Bedriftene i kommunen har og eit godt nettverk og har opparbeidd seg ein omfattande internasjonal kompetanse som skulen får dra nytte av. I Haram er det også bra med lærlingeplassar.

Samarbeid skule - næringsliv Skulen er og ein del av Haramsmodellen, som er eit samarbeid mellom skule, kommune og næringsliv. Det var på grunnlag av dette samarbeidet at studietilbodet Tekniske og allmenne fag (TAF) vart sett i gong. Studietilbodet International- Bussiness Development (IDB) som også er eit samarbeid med næringslivet kom i gong i 2003.

Innovasjonsstudioet ved skulen sto klart hausten 2004.

HVS er ein av to vidaregåande skular i Møre og Romsdal som har tatt i bruk Storyline (internasjonal opplæringsmetode).

Haram vidaregåande skule har dei siste tre åra hatt eit samarbeid med Det norske studiesenteret ved Universitetet i York, England. Dette samarbeidet held fram, og betyr at elevar som vel programområdet for språk, samfunnsfag og økonomi vil få vere med på studietur til York og London hausten 3. året. Elevane vil få dekt reise og mesteparten av opphaldet. Dette er mogleg fordi fleire sentrale bedrifter i

Haram ønsker å stimulere elevane ved skulen til å utvide kulturkunnskapane sine, og i tillegg vere med på å auke motivasjonen for å velje dette programområdet.

Leonardo Da vinci-programmet Haram vidaregåande skule fikk høve til å vere med på eit Leonardo-program sommaren 2006, og prosjektet fikk namnet EuroShip I. Erfaringane var så positive at vi har valt å fortsetje enda eit år, og vi går no inn i eit nytt prosjektår etter same lesten, EuroShip II, fortalde Jan Magne Helland.

I år er det dei 8 elevane ved 3TAF (VKII Tekniske allmenne fag) som skal delta i utvekslingsprogrammet. Dei ser fram til å reise til Italia i juni, men først skal HVS motta 12 italienske ungdommar, som skal få sjå korleis yrkesutdanninga i Noreg går føre seg.

Samarbeidspartnaren er Industriale "A. Malignani", ein teknisk vidaregåande skule, lokalisert i Udine i nord-Italia.

i tillegg har HVS eit nytt og spennande tilbod med faget Teknologi og forskingslære.

Investreingsbehov

Når ein har nye studiar er det og nye krav og vi treng meir plass, opplyste Helland, og forklarte at ein tidlegare var i store klasserom, men at dei no treng plass til fleire smågrupper. Grunnmuren under brakka som er oppsett nedanfor skulen sviktar og må gjerast noko med.

– Vi har lagt det fram for fylket og skal jobbe vidare med saka, skulen sitt ønske er at det blir investert i eit permanent bygg, sa Helland. Det var ei svært spennande orientering av Jan Magne Helland om kva som rører seg ved Haram Vidaregåande skule i Brattvåg

Samarbeidspartnaren vår, Istituto Tecnico

Før sjølve programmet fekk vi ei kort innføring i Haram kommune si nye kartdatabase av Eldar Sæterøy.

*Ref: Hjørdis Kristine S*

**18.03.2007**

Møtefri ifm Påsken

**25.03.2008 – Fritt møte**

**(tillyst program med Bedriftshelsetenesta ved Medi 3 måtte gå ut)**

*Fødselsdager: Hillbjørg Austbø 13/3*

På dette møtet skulle Medi3 være programmet, men det ble avbud i siste liten. Derfor ble det et "Fritt møte" der Lidvar underholdt med informasjonsstoff fra Rotary Foundation og Rotary Norden. Ellers ble det god prat rundt bordene i vanlig stil ....

*Ref: Lidvar S*

